

TIL: Stryn kommune
FRA: Svein-Arne Vik
KOPI TIL: Gode Vegar AS

Dato: 05.04.2018
Saksnr: [Saksnr.]



KONSEKVENSAV NATTESTENGING AV TUNNELANE PÅ STRYNEFJELLET

Nattbussane som går over Strynefjellet har seks passeringar kvar natt, tre kvar veg. To av desse er nattbussar til Oslo, to frå Oslo og ein kvar veg til og frå Trondheim.

Nærare forklart så er dette nattbuss Bergen – Førde – Stryn – Otta – Trondheim tur/retur, nattbuss Ulsteinvik – Stryn – Otta – Gardermoen – Oslo tur/retur og nattbuss Måløy – Nordfjordeid – Stryn – Otta – Gardermoen – Oslo tur/retur.

Dramatisk med nattesting

Den skisserte løysinga med nattestingde tunnelar over Strynefjellet over fire år er svært dramatisk for Nettbuss sine ekspressbussar. Vi fryktar eit ustabil rutetilbod som vil variere sommar og vinter, men også auka produksjonskostnader og reduserte inntekter som vi ikkje kan leve med.

Kan bety slutten for ekspressbussar over Strynefjellet

Nattestingde tunnelar kan bety slutten for nattbussane, men kanskje også for heile rutetilbodet med ekspressbussar som kryssar Strynefjellet. Viss ein ikkje har økonomi i natrutene så kan det også bli slutten på dagavgangane. Driftsmessig så heng dag- og nattavgangar saman ved at buss som køyrer nattavgang den eine vegen køyrer dagavgang den andre vegen.

Nattestingde tunnelar i vinterhalvåret vil over fire år føre til ein meirkostnad på 25 millionar kroner med ferjekostnader, fleire sjåførtimar, lenger distanse å køyre og fleire bussar i produksjon for å oppretthalde rutetilbodet. I tillegg så kjem eit estimert inntektsbortfall på 14 millionar i same periode.

I ein bransje med små marginar så seier det seg sjølv at driftsmessige endringar med meirkostnader og inntektsbortfall i denne størrelse, ikkje er til å leve med.

Nettbuss Travel AS
Bankgiro: 1503 17 14602
NO 995 690 004 MVA

Besøksadresse
Schweigaardsgt 14
0185 Oslo

Postadresse
Postboks 1800 Sentrum
0048 OSLO

t: +47 407 05070
e: 05070@nettbuss.no

Kostbare uforutsette stengingar

Når Strynefjellet av ein eller annan grunn er stengt nokre dagar kvar vinter, så blir det løyst ved at ekspressbussane sine dagavgangar blir innstilte og at ein prioriterer nattavgangane ved at desse køyrer rundt via Sunnmøre og Romsdalen til og frå Oslo/Trondheim. Dette er ei kostbar løysing både fordi det er ei ulempe for kundane ved at det blir 2 – 3 timar lenger reiseveg, men også fordi det vert ein vesentleg høgare driftskostnad med fleire sjåførtimar, lenger køyrestrekning og ferjekostand som ein elles ikkje har på desse rutene. Når reisetida bli forlenga og rutetilbodet blir ustabil, så gjev det direkte utslag på inntektene ved at færre vel å reise på denne måten.

Dagane før jul og i romjula 2017 var Strynefjellet stengt i fleire dagar som følgje av uvær og fare for ras. Slike uforutsette stengingar påfører ekspressbussane store ekstraavgifter. Sidan dette var midt i juletrafikken blei det prioritert høgt frå Nettbuss si side å få passasjerane fram dit dei skulle. I løpet av få dagar blei det køyrd heile 31 bussar omvegen via Romsdalen. Kvar av desse representerer ein meirkostnad på 5.800 kroner og som i jula utgjorde ein samla ekstrakostnad på 180.000 kroner. I tillegg til dette kjem eventuell bortfall av kundar og refusjonar.

Ei oppgradering av Strynefjellstunnelane vil ikkje redusere problema kring uver, ras eller fare for ras. Desse problema og usikkerheita det medfører vil vere akkurat som før.

Stort geografisk nedslagsfelt

Ekspressbussane nord/sør og aust/vest er det einaste daglege kollektive rutetilbodet utanom fly for folk som bur i Nordfjord, store delar av Sunnmøre og i Ottadalen. Ekspressbussane køyrer 363 dagar i året og er det einaste daglege stabile rutetilbodet mot Trondheim, Gardermoen og Oslo.


Rutestrukturar oppbygd over 30 år

Både ekspressbussruta til Trondheim og Oslo er bygd opp over lang tid og begge har vore ein del av folk i området sin kvardag i heile 30 år. Rutene har gode korrespondansar med lokale og regionale bussruter, og har eit stabilt godt marknadsgrunnlag. Det seier seg sjølv at dersom ein gjer endringar i dette tilbodet som varer over tid, så vil det ta lang tid å etablere seg på nytt og byggje opp tilliten igjen marknaden.

Ekspressbussane har også lokalrutefunksjon

Alle ekspressbussane som går over Strynefjellet driv etter reine økonomiske prinsipp og får svært avgrensa stønad frå det offentlege for den transportfunksjonen dei utfører. Om ein skulle tenkje seg at heile dette tilbodet forsvinn så vil det offentlege ved fylkeskommunane sitje att med eit udekt transportbehov. Slik vil det være for delar av søre Sunnmøre, gjennom heile Nordfjord og gjennom Ottadalen, og frå Sognefjorden mot Førde, Skei, Byrkjelo til Stryn for ruta som køyrer til/frå Trondheim. Det vil medføre at fylkeskommunane vil få ein stor ekstrakostnad for å oppretthalde ein lokalrutefunksjon som dei kommersielle ekspressbussane i dag tar ivaretar.

Venleg helsing
Nettbuss Travel AS


Svein-Arne Vik
marknadssjef